

Modalen kommune
Postboks 44
5729 MODALEN

Vår dato: 02.02.2023

Vår ref.: 200905415-49 Oppgi ved kontakt

Dykkar ref.:

Avgrensa høyring av søknader om utsett byggjefrist for Todeilselva kraftverk og overføring av Storebotnelv i Modalen kommune

Det har kome inn søknader til NVE frå Småkraft AS, datert 04.01.2022, og Nottveit Energi AS, datert 22.04.2021, om å få forlenga byggjefristen med fem år, for høvesvis Todeilselva kraftverk til 04.07.2027 og overføring av Storebotnelv til 27.04.2026. Småkraft AS fekk konsesjon til å byggje Todeilselva kraftverk 04.07.2017 og Nottveit Energi AS fekk konsesjon til å overføre vatn frå Storebotnelv til Nottveit kraftverk 27.04.2016.

Etter vilkårspost nr. 2 i vassdragskonsesjonen til Todeilselva kraftverk må konsesjonær starte å byggje kraftverket før det har gått fem år frå konsesjonen vart gjeve. Om ikkje faller konsesjonen bort. For overføringa av Storebotnelv gjeld vilkåra til Nottveit småkraftverk, vedtatt 20.12.2011, med unntak av vilkår knytt til byggjefrist som er fastsett i løyve til overføringa. NVE kan forlengje fristen med inntil fem nye år.

NVE har bedt om oppdaterte kartleggingar av biologisk mangfald i influensområda til kraftverket og overføringa. Dei opphavelige kartlegginga følgde ei metodikk frå før 2009. Sidan den gong har NVE revidert rettleiar for dokumentasjon av biologisk mangfald, og siste reviderte utgåve er veileder nr 6-2018. NVE fekk nye rapportar om biologisk mangfald for Todeilselva kraftverk 12.12.2022 og for overføring av Storebotnelv 12.11.2022. Rapportane er vedlagt.

Søknaden om forlenging og konsesjonen til kraftverka ligg tilgjengeleg på NVE si nettside:

[Todeilselva kraftverk](#)

[Overføring av Storebotnelv til Nottveit kraftverk](#)

NVE skal vurdere om det er nye moment i sakene som tilseier at fristen ikkje kan forlengast.



Etter NVE si vurdering er ikkje sakene så omfattande at ein krev kunngjering og brei offentleg høyring. Søknadene om forlenga byggjefrist blir difor berre sendt på avgrensa høyring til Modalen kommune, Vestland fylkeskommune og Statsforvaltaren i Vestland.

NVE ønskjer tilbakemeldingar dersom det har oppstått nye forhold som kan vera av betydning for konsesjonen sidan sakene vart behandla i 2016 og 2017. Vi ønskjer òg tilbakemelding dersom dykk veit om nye partar som sakene vedkjem, slik at dei òg kan få høve til å uttale seg.

Vi ber Statsforvaltaren særleg vurdere om kunnskapsgrunnlaget er tilstrekkeleg etter naturmangfaldlova § 8, eller om det er behov for ytterlegare utgreiingar.

Fråsegn sendes på e-post til uttalelse@nve.no.

Frist for innsending av fråsegna er:

03.03.2023

Med helsing

Brit T. Haugen
seniorrådgjevar

Ylva Bencze Rørå
førstekonsulent

Dokumentet sendes uten underskrift. Det er godkjent i henhold til interne rutiner

Vedlegg

- Biologisk mangfald rapport: Todeilselva kraftverk
- Biologisk mangfald rapport: Overføring av Storebotnelv

Mottakarliste:

Modalen kommune
STATSFORVALTAREN I VESTLAND
VESTLAND FYLKESKOMMUNE

Kopimottakarliste:

SMÅKRAFT AS
NOTTVEIT ENERGI AS